



Merethe Vindenes
REIKERÅSVEGEN 69
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2773 - 22/91727

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
30.11.2022

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 24/153 Fammestad

Tiltak: arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 24/153
Tiltakshavar: Morten Tveit
Ansvarleg søkjar:

Klage i sak 22/2773 med saknr. 801/22, datert 22.07.2022 på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF samt søknad om løyve til arealoverføring på 450m² frå landbrukseigedomen gbnr 24/3 til bustadeigedomen - gbnr 24/153 Fammestad, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 09.11.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 142/22 Vedtak:

Klagen frå tiltakshavarane vert teken til følgje. Vedtak i sak 22/2773 med saknr. 801/22, datert 22.07.2022, om avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF samt søknad om løyve til arealoverføring på 450m² til bustadtomt - gbnr 24/3 Fammestad vert oppheva.

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet for arealoverføring, jf plan- og bygningslova sin § 19-2.. Søknad om arealoverføring av om lag 450 m² vert med heimel i pbl § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d godkjent.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova §33, jf. plan- og bygningslova §19-2.

Utval for areal, plan og miljø meiner at omsyna bak LNF føremålet ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket det er søkt om dispensasjon for. Det er også utvalet si vurdering er at fordelene ved å gje dispensasjon frå arealføremålet, er klart større enn ulempene. Etter ei samla og konkret vurdering finn utvalet at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF område for omsøkt tilleggsareal på Fammestad er oppfylt.

Grunngjeving for vedtaket:

Dispensasjon av 0,45 dekar vil ikkje påverka bruksstrukturen eller svekka arealressursane på bruket, då dette er eit lite areal av eit bruk på over 400 daa. Arealet ligg i tilknytning til tomten, i eit lite spreidd

byggfelt. Det vil ikkje gje noko negative drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Sjølv om det i dag er praksis med mindre tomter har utvalet forståelse for at stadlege terrengtilhøve kan gjera at det vert trong for noko større tomteareal. Det er fornuftig å tenkja universell utforming også på spreidde tomter i LNF-område. Tomten ligg i eit område der det gjer seg gjeldande busetjingsomsyn, og det er difor positivt at det vert lagt til rette for bygging. Konklusjon: Med bakgrunn i vurderingane over har utvalet kome fram til at omsyna bak deling ikkje vert sett til side som følgje av at det løyve til å dela/arealoverføra 0,450 dekar frå gbnr 24/3 til gbnr 24/153»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF samt søknad om løyve til arealoverføring på 450m² til bustadtomt - gbnr 24/3 Fammestad
Klage på avslått arealoverføring - gbnr 24/153 Fammestad
Avslag på søknad om dispensasjon og arealoverføring - gbnr 24/3 Fammestad
Løyve til deling/arealoverføring etter jordlova - gbnr 24/3 Fammestad
Uttale - gbnr 24/3 Fammestad - arealoverføring - dispensasjon
Søknad om dispensasjon - gbnr 24/153 Fammestad
Samanslåing av gbnr 24/153 og 24/3 Fammestad
Søknad s 1
Søknad s 2
Kart
Løyve til frådeling av bustadparsell - gbnr 24_3 Fammestad
Situasjonsplan - frådeling av bustadparsell - gbnr 24/3 Fammestad
Løyve til oppføring av bustad med sokkelleilegheit - gbnr 24_153 Fammestad
Situasjonsplan - oppføring av bustad med sokkelleilegheit - gbnr 24_153 Fammestad
Godkjent endring av løyve - gbnr 24_153 Fammestad

Mottakarar:

Help Forsikring As

Postboks 1870 Vika

0124

OSLO

Mottakarar:

Help Forsikring As
Merethe Vindenes
Merethe Vindenes
Morten Tveit
Morten Tveit

Postboks 1870 Vika
REIKERÅSVEGEN 69
REIKERÅSVEGEN 69
REIKERÅSVEGEN 69
REIKERÅSVEGEN 69

0124
5913
5913
5913
5913

OSLO
EIKANGERVÅG
EIKANGERVÅG
EIKANGERVÅG
EIKANGERVÅG